



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Rune Johan Mikkelsen, 5557 2181

Vår dato
28.04.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/3401 530
Dykkar referanse

Zana Hella
Skjenet 48
5936 MANGER

Godkjenning av tilskot til utsiktsrydding i Radøy kommune, Zana Hella

Vi syner til søknad dagsett 28. januar 2017 om tilskot til utsiktsrydding ved Skjenevik mellom Hella og Manger, langs Radøyvegen 409.

Fylkesmannen i Hordaland godkjenner søknad om tilskot til utsiktsrydding på eigedomen, gnr. 33 bnr. 17,18 og 20. Tilskotsprosent vert 70 % av kostnaden, inntil kr 102 200,- som tilskot. Om kostnaden vert lågare, vert tilskotet tilsvarande redusert. Tilskot kan delutbetalast undervegs i arbeidet, basert på dokumenterte kostnader. Minst 25 % av tilskotet vert utbetalt fyrst etter godkjend sluttrapport og rekneskap.

Tilskot vert gjeve med følgjande vilkår:

- **Vedlikehald av arealet i minst 3 år etter utført tiltak**
- **Frist innan 1. mars 2018 for gjennomføring av tiltaket**
- **Frist innan 1. april 2018 for sluttrapportering til kommunen**

Bakgrunn

Zana Hella søker om tilskot til utsiktsrydding på eigedomen gnr. 33 bnr. bnr. 17, 18 og 20. Planlagt driftsområde ligg mellom Radøyvegen 409 og sjøen ved Skjenevik i Radøy kommune.



Kart over eigedomen i Radøy kommune.

Omsøkt areal for hogst og rydding er tidlegare beiteområde/lynghei. Arealet er tilvaks med ulik busk- og trevegetasjon, til dømes ein del Sitkagran. Skogen tar i dag mykje av utsikta for forbi-passerende så vel som fastbuande til kulturlandskapet. Tiltaket er hogst og rydding av

brakevegetasjon og Sitkagrane for å opne landskapet og sikre betre utsikt. Området har verdfull karakter for både landbruket, kulturlandskapet og reiselivet (forbipasserande og turgåarar). Radøy kommune ved skogansvarleg har synfart området og tilrår tilskot til hogst og rydding. Etter utført hogst føreligg 3 års plan for beiting av arealet. Kostnadsoverslag for tiltaket er kr 146 000,- . Søkjer ber om 70 % tilskot (kr 102 200,-). Resterande del kr 43 800,- vert eigeninnsats- / finansiering. Søkjer vil starte arbeidet snarast i 2017 og avslutta innan 1. februar 2018. På grunn av fells søknadsfrist- og samla vurdering av alle søknadene i Hordaland har handsamingstida strekt noko ut i tid. Fylkesmannen utvidar difor fristen for å avslutte arbeidet med ein månad.

Søkjer har lagt ved utfyllande informasjon om området – både tekstdel, kart og foto.

Lovheimel

- *Forskrift om tilskudd til utsiktsrydding i tilknytning til landbrukets kulturlandskap, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal*
- *Retningsliner for tilskot til utsiktsrydding – Hordaland*
- *Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova)*

Vurdering

Søknaden vert vurdert med heimel forskrifta om tilskot, regionale retningsliner for tilskot og naturmangfaldlova. Føremålet med hogst og rydding vil betre utsikt og tilkomst for både reiseliv/turisme og landbruket i området.

Området vert nytta for landbruksdrift og turområde. Forbipasserande på Radøyvegen eller på turstiane vil få betre utsyn mot kulturlandskapet med beite og sjøen.

Radøy kommune har synfart området og tilrår tiltaket.

Tilskot skal berre gjevast om ein tek omsyn til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Jf. naturmangfaldlova § 7 må saka vurderast etter dei miljørettslege prinsippa §§ 8-12.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Jf. www.kart.naturbase.no (28.04.17) er der ikkje registrert særskilde miljøverdiar i eller ved driftsområdet. Fylkesmannen meiner kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg med naturtypekartlegging og artsobservasjonar til å vurdere effektar av tiltaket. Sitkagrana har potensial til å spreie seg viljug til omkringliggjande landbruksareal. Arten er svartelista og fjerning av trea – som her ikkje tener til ordinær skogproduksjon – vil vere positivt for biomangfaldet.

§ 9 Føre var prinsippet

Jf. kunnskapsgrunnlaget meiner Fylkesmannen at hogst og rydding ikkje vil gje negative konsekvensar på naturmangfaldet. Ein har difor ikkje trong for vilkår om særskilte omsyn av tiltaket.

§ 10 Økosystemtilnærming og samlet belastning

Fylkesmannen vil tilrå at framtidig vegetasjon vert stadeigne arter.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver

Juridisk har grunneigar ansvaret for skader på naturmiljøet. Høgst og rydding av området vil i hovudsak skje med manuell arbeidskraft og lite bruk av tunge maskiner. Om der likevel vert køyreskadar av traktor i terrenget eller andre negative påverknader, må dette rettast opp av tiltakshavar.

§ 12 Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Ein søker om tilskot til bruk av manuell arbeidskraft og noko bruk av traktor for uttransport av trevrkje. Driftsopplegget vert difor skånsamt for terrengskader. Etter utført høgst og rydding vert der manuell rydding på arealet som vedlikehald.

Utbetaling av tilskot

Sluttrapport, rekneskap og foto må sendast kommunen innan 1. april 2018. Kommunen skal kontrollere dokumentasjonen og utført tiltak. Kommunen skal deretter sende saka til fylkesmannen for utbetaling. Søker kan be om delutbetaling av tilskotet på grunnlag av dokumenterte kostnadar. Minst 25 % av tilskotet vert utbetalt etter godkjend sluttrapport og rekneskap.

Klage

Landbruksdirektoratet er klageinstans for part i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Klagefristen er tre veker. Klaga sendast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Rune Johan Mikkelsen
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy Radøyvegen 1690 5936 MANGER